

Fullt hus på filmpremiere

Loen Bygdehus var fullsett då det var premiere på Loenfilmen på laurdag.



I bygdehuset var det fullt hus. Bodil Garlid Tenden og Asbjørn Tenden gledde seg til å sjå filmen saman med dei andre i salen. **Foto:** Arild Hafsås

Arild Hafsås

Oppdatert:eitt minutt sidan

I alt 200 personar tok turen opp den raude løparen. Vel inne vart kvar og ein ynskt velkomne med ein epledrikk frå Loen.

Steinar Hilde og Filmdigitalisering AS stod bak produksjonen av filmen. Han har tidlegare laga bygdefilm frå Innvik, Utvik og Olden. Stoff ifrå loft til kjellar er blitt samla inn av bygdefolket, og Hilde har sett det saman til eit prakteksemplar av bygdehistorie.

Sjølv likar han å bruke arbeidstittelen «For framtida» om bygdefilmane.



Endeleg premiere på Loenfilmen! F.v. Knut Tjugen, Steinar Hilde i Filmdigitalisering AS, Olav R. Faleide og Jan Heggheim. **Foto:** Arild Hafsås

Knut Tjugen er ein av eldsjelenene bak prosjektet. Det er viktig å dokumentere historia, og framleis ligg det mange skattar gøynde i heimane, sa han.



Knut Tjugen er ein av initiativtakarane til filmen, og han og alle dei andre frammøtte kunne gå på den raude løparen akkurat som filmstjernene. **Foto:** Arild Hafsås

I den engasjerte praten rundt verdien av filmen, tar Olav Faleide raskt ordet.

– Om vi går inn i framtida utan kunnskap om det som skjedde før oss, kan det bli ei nokså vinglete framferd. Bestefar til Olav hadde eit klokt sitat: «Viss du skal ro beint, so må du sjå bakover».

Jan Heggheim snakka om band som blir sterkare, hjarte som slår litt hardare for lokalmiljøet gjennom ein slik film.



Jan Heggheim i sin finaste stas. **Foto:** Arild Hafsås

Hotel Alexandra fekk naturleg nok god plass i filmen. Frå tidleg turisme på 1880-talet, til dei store turiststraumar som vitjar distriktet i dag. Suksesshistoria bak Loen Skylift var sjølvstøtt og så med.

Dei to rasulukkene i Lodalen fekk nok breiast omtale i filmen. Dei som tek båten til Kjenndalstova sommarstid får ei heilt spesiell oppleving gjennom historia om Ramnefjellet som rasa ut i 1905 og 1936. Til saman 135 menneske omkom i dei to ulykkene. To bygder, Nesdal og Bødal lagt i grus.

Ei tragedie for eit lite bygdesamfunn, ei historie som er viktig å få fortalt til dei som skal trå nye stiar. Kanskje er det nettopp gjennom dei vonde hendingar, vi viser best vår sanne karakter. Evna til å stå samla som folk gjennom vår identitet til heimstaden.



Jan Heggheim og Olav R. Faleide ønskte publikummararar velkomne. **Foto:** Arild Hafsås

Filmen hadde òg med dei sju kvite bussane som frakta turistar til Kjenndalen og den nybygde restauranten, då vegen vart ferdig i 1940. Lodalen Dampbåtlag stod bak drifta.

Skuledemonstrasjon, bogeskyting, helikoptertrafikk, Lostrupane og Skåla Opp fekk også sin plass.

Bygdehistorie handlar om folket og det vi syslar med, den handlar om både tårer og gleder. Filmen hadde ein sær sars god balanse mellom det alvorstunge og det muntre, og latteren runga i lokalet ved fleire høve.

Eit godt dokument som knyter tidsepokar saman. Kunnskap som kan vere nyttig å dvele litt ved i ei verd som snurrar vel fort rundt i vår tid.



Bjørnar Sæten serverer Einar Fredheim epledrikk frå Loen. **Foto:** Arild Hafsås



Folk strøymde til bygdehuset. **Foto:** Arild Hafsås